

Elin T.H. Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 Lindås

Våge, 28.08.2020

Til  
Alver kommune, byggesak

## **Klage på byggesak - Nabovarsel om nybygg, gnr 99 bnr 4, Våge**

*Nabovarsel-meldinga mottatt i postkassen mandag 17.8. Har difor hatt kort frist.*

1.

### **Vi klagar på tiltak i funksjonell strandsone, i friluftsområde med almenne interesser**

På side 1 oppgjev søkjær at det ikkje er relevant med dispensasjonssøknad. Dette meiner vi er feil. Gauleva er eit svært vakkert og viktig vassdrag, difor skal det reknast som «funksjonell strandsone» med byggegrense på 100 meter. Det planlagde sauefjøset er ca 6 x 20 meter, og ca 6 m høgt, (altså ganske stort bygg), som er markert inn ca 50 meter frå Gauleva. Det som er presentert i søknaden er for overfladisk til å vurdere omfanget av inngrepene i kulturlandskapet og strandsona. På dei få snitta som er vedlagt søknaden er det umuleg å fastslå omfanget av inngrepene, men det synest å vere betydeleg. Kulturlandskapet langs Gauleva er i særklasse idyllisk, med lange, flate berg og spesiell vegetasjon. Dersom fargekoden viser arealinngrepet, så går inngrepene berre nokre få meter frå elva. Dispensasjonssøkand vil i alle høve vere naudsynt.

2.

### **Vi klagar med bakgrunn i brudd på naboloven**

Arkitekten har laga hus med eit pent uttrykk, som fornyar og passar inn i vestlandsk byggeskikk. Det er dog i overkant spenstig å kalle ein bolig med garasje for garasje.

Illustrasjonane viser eit Våge som ikkje eksisterer lenger, det er skote i filler fleire meter ned inntil vår grense v/tunet utan at vi formelt blei varsle om dette.

I den misvisande fotomontasjen ser vi eit landskap nesten slik det var før Eikevik har skote det i stykker, av estetiske grunnar har ein og unnlatt å vise landbruksvei klasse 3 med fyllingar og skjeringar, ein vei som vil få dominante plass i landskapet.

På montasjen ser vi heller ikkje dei høge skjeringane vi likevel kan sjå på snitta (snitt D1 viser skjeringar nesten like høge som husa). Desse skjeringane ligg *tett* i grensa mot 99/1.

Kotehøgden i grensa austfor huset er 46,1 moh., mønehøgd på dei tre husa er 46,5 – 46,91 og 47,71 moh. Dette fortel i klar tekst at *før nabovarsling* vart terrenget skote ned 6 meter. Uskytinga har alt pågått ei stund, både *utan* godkjent byggesøknad og *utan* nabovarsel. Nabovarsling er som kjent ein betingelse for å få eit godkjent løyve.

Vi klagar på at tiltakshavar kan halde på på denne måten utan at det får konsekvensar.

Krav: Vi krev at *alle* tiltak på 99/4 som direkte berører 99/1 skal meldast med nabovarsel, det er eit sjølv sagt krav for å kunne kontrollere at eit tiltak ikkje går ut over det som er gitt løyve til.

**3.**

### **Tinglyst avtale om vei**

99/1 og 99/4 har tinglyst ein avtale om vei. I illustrasjonsplan som er vedlagt søknaden om rammeløyve, er veien i grensa flytta 10 meter lenger nord enn den tinglyste avtalen, dette er klart ulovleg. Krav: Dette må rettast.

**4.**

### **Vi fortviler og protesterer på måten konsesjonskrava (ikkje) er følgd opp**

Omfangen av dette tiltaket er eit **kraftig** brot på dei konsesjonskrav som er gitt. Det berande kulturlandskapet eksisterer ikkje lenger i tunet, over fleire mål.

Vi krev at kommunen stiller langt strengare krav til ivaretaking av kulturlandskapet, i *særleg* grad må det no gjelde det vesle, urørte rest-kulturlandskapet som er igjen på 99/4.

### **SLUTTKOMMENTAR**

Låg terskel for å begå ulovlegheiter:

Det vart i går kveld utført eit gravetiltak inne i tunet på 99/4. Alt av jord innafor Fylkeskonservatoren si markerte «randsone for sikringssone for kulturminne» på 99/4 vart grave vekk/fjerna med gravemaskin av Eikevik, og erstatta med stein. Etter kontakt med Fylkeskonservatoren i dag har vi fått vite at dette tiltaket verken var omsøkt eller godkjent.

Og idag, 28.08., har Eikevik, trass i alle protestane våre, gjort ei ny grave-sjølvtekst på 99/1, i strid med den tinglyste veiavtalen vi har inngått. Han har graved ut trase der han *sjølv* ønskjer vegen skal gå, og sett bort frå den tinglyste avtalen. Grovt uetterretteleg oppførsel. Men dverre berre eit nummer i rekka.

Med vennleg helsing

Elin T.H. Fanebust

elektronisk brev, difor manglar underskrift